

Snusar på Norgesrekord og EM-deltaking.

22.06.2016



Ingar Kiplesund under NM i Haugesund i fjor.

**Ingar Kiplesund med mor frå Haugland i Uskedalen har lenge vore eit friidrettstalent utanom det vanlege. Tidleg uttalte han at han hadde som mål å verta blant dei beste i verda. No er han 19 år, og han er på god veg mot dei høge måla han har sett seg. Søndag knuste han ein 77 år gammal trøndersk rekord i sitt første lengdehopp for sesongen.**

Ingar Kiplesund er son til Hildegunn (f. Haugland) og Svein Olav Kiplesund. Hildegunn vokser opp på Haugland på 60- og 70-talet før ho flytta på første del av 80-talet. Ho er dotter til Margot og no avdøde Hilmar Haugland. To av Uskedalen sine gode friidrettsutøvarar på 60-talet, Lars Magne og Sigurd Haugland, er onklane til Hildegunn.

Ingar har lenge vore eit stort idrettstalent, og trenaren hans sidan han var 14 år, Frank Brissach, har mått halde han att i treningane. Det er først siste året dei har byrja med det han kallar vaksentrenings. Sjølv om Ingar er regjerande norgesmeister i tresteg for junior, har dei no kutta ut denne disiplinen. No vert det satsa fullt og heilt på lengde.

Sist søndag deltok han i sesongens første konkurranser under eit stemne i Belgia. Allereie i første hopp smelte han til med 7,63m, og dermed sletta han den 77 år gamle trønderske rekorden. Han har endå større legder inne, og skal konkurrera kvar helg framover. For å kvalifisera seg til EM må han hoppa 7,95m medan OL-kravet er 8,15m.

- Har eg litt tur, tar eg kanskje EM-kravet, seier den lovande ungguten til Adressa, men han stressar ikkje med dette. Det er OL 2020 som er målet hans.

Det er berre ein nordmann som har hoppa over 8 m i lengde. Kristen Fløgstad har den norske rekorden på 8,02 m. Den vart sett i august 1973 så også den rekorden byrjar å verta mosegrødd med sine 43 år. Kanskje Ingar Kiplesund vert den som slettar også denne rekorden, og vert andre nordmann over åtemetergrensa?

De kan lesa [meir om friidrettstalentet her.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: friidrett.no

